

STRYN

Etterforskar campingtjuveri

I pinsa var det innbrot i ein kiosk på ein campingplass i Olden. Politiet har vore på staden for å gjere undersøkingar. Der er brote opp ei dør og stole pengar og sigarettar. Saka vert etterforska ved Stryn og Hornindal lensmannskontor.



ØRSTA

Amcartreff i tre dagar til ende

Komande fredag ettermiddag startar Sunnmørstreffet i Ørsta. Dette årvisse amcar-møtet kan i år markere jubileum for tredve treff. Treffbase er Ørsta ungdomsskule, og på Norrøna vert det halde amcar-kviss. Laurdag skal det vere rebusløp i området, og søndagen er den store dagen for utstilling av amerikanske bilar og motorsyklar. Det er venta folk heilt frå Bergen.



FERJE

Fra verksted til motorhavari

Fjord1-ferja Volda måtte tirsdag tas ut av B-rute på sambandet Magerholm-Ørneset på grunn av motorhavari. Fartøyet ble satt i drift etter verkstedopphold for bare få dager siden. Rederiet vil trolig vurdere å ta opp forholdet med verkstedet som en garantisak. Reserveferja Ivar Aasen vil gå på ruta inntil MF Volda er på plass igjen, men det er ukjent hvor lang tid dette vil ta.

STORDAL

Dårleg smak på drikkevandet

Mange som bur i Stordal har dei siste dagane lagt merke til at drikkevandet smakar dårleg og lukta vondt. Dette skuldast tele i jorda, slik at det vert overflatevatn som renn i elva, melder Stordal kommune på heimesida si. Dei legg til at vassverket melder at det er teke prøver av vatnet. Prøvene viser at det ikkje er e-colibakterier. Det er såleis ikkje nødvendig å koke vatnet.



LANDBRUK

Dei fleste leiger jordbruksjorda

I 1959 eigde sju av åtte bønder all jorda dei dyrka. No er det leige som er det vanlege, skriv Bondebladet – og viser til prosjektet Structures. Frå 1959 og fram til no har talet på aktive bruk i Norge gått ned frå 198.000 til under 47.000, medan det totale talet på landbruks-eigedommar berre har gått ned frå 210.000 til 185.000. Det har ført til ein omfattande leigemarknad.



SERVITØR: Terje Monsen (til høgre) skjenker i kaffi til Steinar Valdersnes på terrassen hos Fjordheim Gjestegård i Tafjord. FOTO: TERJE ENGÅS

Ein ny start på livet

• Tidlegare rusmisbrukarar får jobbtilbod i Tafjord

TAFJORD

– I 30 år låg eg under for alkohol og pillar. No er eg endeleg fri, og gler meg til å arbeide her på Fjordheim.

Det seier 55 år gamle Terje Monsen, og skjenker i ein kopp kaffi til Steinar Valdersnes.

Terje er tidlegare rusmisbrukar, som etter 15 månader på Nappane Omsorgssenter i Hordaland no er klar for nye utfordringar som servitør ved Fjordheim Gjestegård i Tafjord.

Steinar Valdersnes (60) er pastor og driv i dag Nappane Omsorgssenter. Der tek dei imot rusmisbrukarar, og prøver å hjelpe dei til å bli kvitt rusavhengigheita.

Oppdrag. – Sidan 2003 har Evangeliesenteret lagt ned ni senter for tidlegare rusmisbrukarar på Vestlandet. Gud la meg på hjartet at eg skulle få i gang igjen nokre slike senter, fortel Valdersnes.

Difor sit vi no utanfor gjestegården i Tafjord. Den har Steinar og venene hans kjøpt.

FAKTA

- Fjordheim Gjestegård ligg i Tafjord, og har 35 sengeplassar - fordelt på ni rom i hovudhuset og seks hytter.

- Gjestegården har også kafeteria som er open kvar dag. Kafeteriaen har ca 40 sitjeplassar.

- Nokre av dei som arbeider ved gjestegården er tidlegare rusmisbrukarar som er i arbeidstrening.

– Hadde eg ikkje blitt frelst og rusfri, så hadde eg lege i ei grav no

TERJE MONSEN



PASTOR: Steinar Valdersnes er pastor og arbeider med å hjelpe rusmisbrukarar.

– Vi skal drive gjestegården vidare, med overnatting og servering av mat – utan alkohol. Delar av staben her skal vere tidlegare rusmisbrukarar som skal få arbeidstrening, fortel han.

Gjestegården har allereie opna, og kan ta imot 35 overnattingsgjester, fordelt på ni rom i hovudbygget, og seks hytter. I kafeteriaen er det ca 40 plassar. – Dette ser aldeles strålende

ut. Naturen er slående vakker, og frå Bergen er eg vand til både fjell og regn, ler Terje Monsen.

Han er ikkje i tvil om kva alternativet hadde vore:

– Hadde eg ikkje blitt frelst og rusfri, så hadde eg lege i ei grav no, eller vore i fengsel, seier han.

Steinar Valdersnes fortel at Nappane Omsorgssenter er eit tverrkjølleg prosjekt, der sju kyrkjelydar sit i styret.

Tømrar. Sjølv har han ikkje noko rusbakgrunn, men har derimot arbeidd som mellom anna tømrar.

– Eg vart frelst i 1997, og fann ut at eg ville arbeide for å hjelpe andre. Det vart til at eg begynte å hjelpe rusmisbrukarar med å kome på rett kjøll att. Men det er ikkje nokon enkel jobb. Heldigvis er eg optimist av natur.

Eigentleg hadde han planar om å kjøpe det tidlegare evangeliesenteret i Vaksvika. Men så fekk han tips om den ledige gjestegården i Tafjord – og slo til.

– Her er vi blitt tekne imot med opne armar, seier han.

TERJE ENGÅS
terje.engas@smp.no